

# DEN NORSKE KYRKJA Bjørgvin bispedømeråd

## MØTEPROTOKOLL

**Bjørgvin bispedømeråd 2016-2019 Dato:** 20.02.2017 kl. 10:00  
**Stad:** Bjørgvin bispedømekontor, Strandgaten 198  
**Arkivsak:** 17/01602  
**Tilstades:** Inger Helene Nordeide, Karl Johan Kirkebø, Beate Husa, Vemund Atle Øiestad, Ida Lindøe, Berit Nøst Dale, Marius Økland, Nora Sætre Baartvedt, Ivar Braut og Halvor Nordhaug Egil Morland

**Møtande varamedlemer:**  
**Forfall:**  
**Andre:** Jan Ove Fjelltveit, alle saker, Ingfrid Mulen sak 01/17, Solfrid Rong sak 02/17 og 03/17, Tore Skjæveland sak 03/17, 04/17 og 05/17, Cathrine W Halstensen sak 03/17.

## SAKSLISTE

**Godkjenning av innkalling og saksliste**

**Godkjenning av protokoll**

**Saker til behandling**

1/17	Tilsetting av prostiprest i Nordfjord prosti og sokneprest i Hornindal, Nordsida og Randabygd sokn <i>Unntatt offentlighet</i>
2/17	Rekneskapsrapport Bjørgvin bispedømeråd 2016
3/17	Budsjett for Bjørgvin bispedømeråd 2017
4/17	Årsplan 2017 Bjørgvin bispedømeråd
5/17	Høyring - Ordning for utpeiking av biskopar
6/17	Rekrutteringsplan 2017-2019
7/17	Vurdering rundt det å oppretta eit Arbeidsutval(AU)

16.02.2017 Jan  
Ove Fjelltveit  
Møtesekretær

## **Godkjenning av innkalling og saksliste**

Innkalling og saksliste vert godkjent

## **Godkjenning av protokoll**

Björgvin bispedømeråd godkjende protokoll frå møte 24/11-2016. Møte 09/01-2017 hadde ingen saker til vedtak, berre drøftingssaker før Kyrkjemøtet.

## **Saker til behandling**

### **1/17 Tilsetting av prostiprest i Nordfjord prosti og sokneprest i Hornindal, Nordsida og Randabygd sokn**

*Unntatt offentlighet Offl. § 25 første ledd*

#### **Vedtak**

Björgvin bispedøme tilsett på faste vilkår, med 6 månaders prøvetid, i stillinga som prostiprest/sokneprest i Nordfjord prosti, stillingskode 1555, prostiprest i Nordfjord prosti og sokneprest med sokna i Hornindal, Nordsida og Randabygd sokn som tenestestad

1. Hege Høibye

### **2/17 Rekneskapsrapport Björgvin bispedømeråd 2016**

#### **Votering**

Samrøystes

#### **Vedtak**

Björgvin bispedømeråd tek rekneskapsresultatet frå 2016 til vitande. Netto meirforbruk etter kontantprinsippet er 1 746 053.

### **3/17 Budsjett for Björgvin bispedømeråd 2017**

#### **Votering**

Samrøystes

#### **Vedtak**

Björgvin bispedømeråd vedtek styringsnotat for budsjettarbeidet 2017. Sak om endeleg budsjett kjem opp så snart det er mulig.

### **4/17 Årsplan 2017 Björgvin bispedømeråd**

#### **Votering**

Samrøystes

#### **Vedtak**

Björgvin bispedømeråd vedtek Årsplan 2017 slik han ligg føre.

### **5/17 Høyring - Ordning for utpeiking av biskopar**

#### **Votering**

Votering ordning 1 Ein rein valordning for biskopar. 3 stemmer. Falt.

Votering ordning 2. Tilsetting i særskild tilsetjingsorgan. 7 stemmer. Fleirtall.

Votering ordning 3 Tilsetjing i Kyrkjerådet. 3 stemmer. Mindretall.

Votering punkt §5 e 5 stemmer

Votering punkt §5 f 10 stemmer

§4 med 30 og minimum to prosti, 2 stemmer. 8 stemmer for å ikkje endre dette.

### **Vedtak**

Björgvin bispedømeråd vil gå inn for tilsetjing i eit eige tilsetjingsorgan der bispedømet har to av fem medlemmer, alternativ 2.

Eit mindretal på tre stemmer vil ha tilsetjing i Kyrkjerådet. Mindretallet meiner og at preses kan, men ikkje må velges blant biskopene.

Bispedømerådet er samd i hovudlinjene i framlegget til reglement, men har nokre endringar:

§1: En eller flere tilsatte i Bispemøtets sekretariat utfører sekretariatsfunksjoner for tilsettingsrådet for biskoper.

§3: Biskopen deltar i bispedømmerådets forberedende møte, rådslagning, men avgir ikke stemme sammen med bispedømmerådet.

§5: e) teologiske professorer ved læresteder som gir cand.theol. grad.

f) Ungdomsrådet i vedkommende bispedømme skal ha ei stemme

§9: Biskopene sine uttalelser skal begrunnes

I tillegg vil bispedømerådet uttala seg om dei prinsipp som bør ligga til grunn for val av ordning.

Det er viktig at det er ein brei og open nominasjonsprosess. Difor vil vi gå inn for at biskopen skal vera med på nominasjonsmøtet i bispedømerådet, for i den fasen treng ein den kjennskap til personar og detaljerte erfaring med utfordringane ved bispetenesta som biskopen har. Dette er med å sikra ei kvalifisert vurdering av kandidatane i denne fasen.

(Det kan diskuteras om biskopen bør røysta saman med bispedømerådet når biskopen skal røysta særskilt etterpå.)

- Det er viktig å sikra brei nominasjon som tar omsyn til teologisk og kyrkjepolitisk mangfald. Difor er det eit viktig demokratisk prinsipp at det er enkelt å fremja supplerande kandidatar slik at ikkje ein lukka komité som bispedømerådet avgjer alt, men at folket si røyst kan verta høyrd og eit fleirtal ikkje kan hindra eit mindretal frå å fremja ein kandidat.
- Det er viktig at det lokale votum kjem tydeleg fram i tilsetjingsorganet og at dette vert balansert med eit like tydeleg heilskapskyrkjeleg perspektiv. Difor vil vi gå inn for eit eige tilsetjingsorgan der to frå det bispedømet som skal ha biskop sit, minst ein lek. I tillegg må det vera like mange faste medlemmer, også der minst ein lek, valde av kyrkjemøtet og preses som leiar for tilsettingsorganet. Dette vil gje ein betre balanse mellom dei to omsyn enn dersom kyrkjerådet er tilsettingsorgan. Dersom preses skal tilsetjast går visepreses inn og dersom visepreses er kandidat går ein annan biskop vald av bispemøtet inn.
- Det er viktig at ordninga tar høgde for biskopen si sjølvstendige rolle i kyrkja. Dette talar for at biskopane ikkje bør utpeikast av kyrkjerådet sidan dei ikkje skal vera underlagt kyrkjerådet. Understrekinga av biskopen si sjølvstendige rolle vert ikkje ivaretatt ved eit klageorgan som kanskje aldri trer i funksjon, det tvert imot eit argument for at også tilsetting må vera ivaretatt av eit eige organ. Dette talar for eit sjølvstendig tilsetjingsorgan.
- Det er viktig at ordninga tar høgde for at biskopen si rolle er mangefasettert. Dei skal føra tilsyn med prestane og dei vigsla tenestene og kyrkjelydane i bispedømet, difor må både sokneråd og prestar i bispedømet høyrast. Samstundes må ein synleggjera biskopane sin funksjon som avgjerande organ i lærespørsmål, liturgispørsmål og andre viktige saker for heile kyrkja. Dette krev ein særleg kompetanse som er annleis enn den som krevst lokalt i bispedømet. Det er difor eit viktig og sakleg argument at samansetninga av bispemøtet sin kompetanse vert vektlagt. Dette gjer at representantar for heile kyrkja bør høyrast. Ei rein valordning ikkje ta vare på slike omsyn. Røystene frå prostar, teologiske professorar og dei andre biskopane tar vare på dette. Det er difor viktig at det er vekting av røystene slik det er foreslått. Det er uheldig at ein foreslår at biskopane ikkje skal gje grunngeve uttale om kandidatane. Når eit av måla er kvalifisert vurdering av kandidatane i prosessen er det all grunn til å halda på biskopane sin uttalerett. Når ein argumenterar med at det er problematisk at mange får kjennskap til uttalen fordi kyrkjerådet tilset er dette enno eit argument for eige tilsetjingsorgan. Det er ikkje eit sakleg argument at ei

uttale kan ha følger for framtidig samarbeid i bispekollegiet, det er å bringa inn andre forhold enn det som er det viktige med ordninga, nemleg ei kvaifisert vurdering.

- Det er viktig at ordninga er demokratisk ved at mange får røysta. Det er framlegg om at teologiske professorar ikkje skal røysta lenger. Dette vil gje eit uheldig signal om at teologisk utdanning og forskning ikkje høyrer saman med det kyrkjeleg liv. Ein bør heller satsa på å styrka tilknytninga mellom dei teologiske utdanningsinstitusjonane og kyrkja når kyrkja er sjølvstendig. Det er eit viktig prinsipp at teologi er til for forkynninga. Teologisk forskning er til for å klargjera kyrkja si forankring og utfordra kyrkja, i tillegg til at dei teologiske disiplinane har sin eigenverdi. Det er ynskjeleg at ein kan rekruttera biskopar blant teologiske professorar så vel som blant prostar og prestar. Difor bør dei framleis få røysta. Det vil også vera eit godt signal om ungdomsrådet i bispedømet og eit avgrensa tal på representantar frå ungdomens kyrkjemøte med talerett i Kyrkjemøtet får røysta.
- Røystene må vektast etter ein fastlagt formel. Det er foreslått 1/3 sokneråd/leke i bispedømet, 1/3 vigsle i bispedømet, 1/3 prostar, professorar og andre utanfor bispedømet og dette kan ein støtta.
- Ei ny ordning bør ikkje bli meir byråkratisk. Det talar mot ei valordning at ein ventar større byråkrati og utgifter ved røysting. Når det gjeld sekretariatsfunksjonen for eit eige tilsetjingsorgan er det like naturleg at den kjem frå bispemøtet sitt sekretariat som frå kyrkjerådet sitt sekretariat. Dette vil vera med å understreka den uavhengige posisjonen.
- Det er viktig å halda fram at kyrkja også har bruk for tenarar som ikkje stikk seg fram. Mange dugande bispeemne er lite kjende i bispedømet fordi dei har gjort teneste utanlands i organisasjonar eller i misjonsteneste eller i posisjonar som ikkje er synlege i media. Dette omsynet vil vera vanskeleg å ta vare på dersom det er ei rein valordning utan etterfylgjande vektning og tilsetjing i eit tilsetjingsorgan.

## **6/17 Rekrutteringsplan 2017-2019**

### **Votering**

Samrøystes. Punkt 6 vart innarbeidd i møtet.

### **Vedtak**

Bjørgvin bispedømeråd vedtek Rekrutteringsplan 2017-2019 slik den ligg føre, og med vekt på følgjande hovudmoment:

1. Bjørgvin bispedømeråd vil oppmode prestane til å prioritere konfirmant- og leiararbeid.
2. Bjørgvin bispedømeråd vil i samarbeid med relevante andre gjennomføre ein konferanse med fokus på studentarbeid hausten 2017/våren 2018.
3. Ressursstilling i St Jakob på satsinga 18-30 blir forlenga for perioden 2017-2019.
4. Det blir prioritert å ha inne studentar som vikar i ferieavviklinga.
5. Arbeidet med rekruttering vert prioritert med ein stillingsressurs for perioden 2017-2019. Dette er då i kombinasjon med andre lønsmidlar.
6. Arbeid med rekruttering bør ha plass i prostane sine medarbeidersamtaler.

## **7/17 Vurdering rundt det å oppretta eit Arbeidsutval(AU)**

### **Forslag til vedtak**

Alternativ 1:

Bjørgvin bispedømeråd opprettar Arbeidsutval (AU) som kan tiltre når dette er ønskeleg. Leiar avgjer i kva grad AU skal tre saman.

Medlemmer i AU er leiar, nestleiar og biskop. Stiftsdirektør deltek og alltid på AU. 9

Alternativ 2:

Björgvin bispedømeråd vidarefører praksis om at leiar og nestleiar blir orientert ved viktige saker, men vert utvida med eit halvårleg utvida møte med orienteringar. Leiar og nestleiar blir hekta på for innspel på saker som oppnemningar, intervju og saker der ein treng politiske signal i forkant av bispedømerådsmøta.

### **Møtebehandling**

#### **Votering**

Alternativ 1: Ingen stemmer

Alternativ 2: 9 stemmer

#### **Vedtak**

Björgvin bispedømeråd vidarefører praksis om at leiar og nestleiar blir orientert ved viktige saker, men vert utvida med eit halvårleg utvida møte med orienteringar der biskop og deltek. Leiar og nestleiar blir hekta på for innspel på saker som oppnemningar, intervju og saker der ein treng politiske signal i forkant av bispedømerådsmøta.